

MODALEN KOMMUNE  
Postboks 44  
5732 MODALEN



**Saksbehandlar: Marthe Pedersen**

**Vår ref.:** 2022/80845-3

**Dykkar ref.:**

**Bergen, 02.09.2022**

## Vedrørende skoleruter skoleåret 2023/24

Viser til vedlagt brev sendt ut 23.08.22 med informasjon vedrørende skoleruter for skoleåret 2023/24. Brevet blei ved feil påført heimel for å bli unntatt frå offentlegheit, noko som ikkje er korrekt. Vi sender derfor ut korrigert brev.

Størst mogleg samordning av skolerutene i fylket er eit viktig grep for å sikre ein effektiv og best mogleg skoleskyss for alle skolane i fylket. Manglande samordning av skoleruter medfører både meirkostnadar og logistikkmessige utfordringar for skoleskyssen.

Med utgangspunkt i dette ønskjer vi å kome med nokre tilrådingar vi vonar kommunane vil ta med seg i arbeidet med skolerute for skoleåret 2023-24. Basert på innspel frå tidlegare kommunekontaktsamling legg vi skoleruta for Bergen kommune til grunn for våre tilrådingar. Opplæringsavdelinga i Vestland nyttar også Bergen kommune si skolerute som rettleiande for dei vidaregåande skolane.

<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/etat-for-skole/ferie-og-fridager>

Kommunane bør ha same start- og sluttdato for skoleåret 2023-24 (frå torsdag 17.aug august til fredag 21.juni)

1. Kommunane bør leggje haust- og vinterferie til same veker
  - Haustferie: veke 41, 09-13.oktober.
  - Vinterferie: veke 9, 26.februar-01.mars<sup>1</sup>

---

<sup>1</sup> Veke 8, 19-25. februar, for dei kommunene som har tradisjon for det



2. Kommunane bør ha same dato for første og siste skoledag ifm juleferie
  - Siste skoledag: torsdag 21. desember
  - Første skoledag: onsdag 3. januar

Vidare er det ønskeleg med mest mogleg lokal samordning når det gjeld planleggingsdagar, både internt i kommunen og mellom nabokommunar. I tilfelle der det er utfordrande å ta omsyn til våre tilrådingar, ønskjer vi at kommunen opprettar dialog med Skyss før skoleruta blir ferdigstilt, slik at vi i fellesskap kan sjå på moglege løysingar for skoleskyssen. Det vil i denne samanhengen vere ein fordel med lokal samordning mellom nabokommunar/regionane.

Føremålet med større samordning av skoleruter er å gi skolane i fylket eit best mogleg skoleskysstilbod og vi ønskjer eit godt samarbeid kring dette. Vi vil starte dette arbeidet tidlegare for kommande skoleår med ønskje om å oppnå betre samordning på tvers av kommunar.

Dersom det er spørsmål eller innspel må de gjerne ta kontakt med oss på [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no) eller telefon 55 55 90 70, tasteval 2.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø  
direktør

Marthe Pedersen  
faggruppeleiar skoleskyss

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Vedrørande skoleruter skoleåret 2023-24, brev sendt ut per 23.08.22